

debatt



Kultur- og debattredaktør Hilde Sandvik
debatt@bt.no – telefon 55 21 46 08 (10.00-11.30)
Redaksjon: Ingvild Sæterstøl, Egil Horne Mikkelsen og Aslaug Eide.

Klart ord kan såre!

EN AV MINE ELEVER sa en gang: For å bli uvenner, må man først ha vært venner. For å kunne bli mobbet så må man ha en viss relasjon til vedkommende. Jeg har lest debatten i Jan Atle Andersens kjølvann med store interesse. Jeg vil gi ham rett på mange punkter, men ikke på alt! Klart ord kan såre! Men vi kan likevel i stor grad bestemme om vi skal la oss bli skadet. I den tiden vi lever i, der verbal mobbing både er folkesport, anonymt selvsagt, og topp underholdning, så må vi rett og slett øke evnen til å la det prelle av. Bloggeren Voe sluttet fordi hun ble mobbet. Korreksjon: Hun sluttet fordi hun lot seg mobbe!

PÅ SAMME MÅTE som man skal prioritere nøye hva man skal ergre seg over, skal man også vurdere hvem en skal la seg plage av. Dessverre er det slik at når man har ønske om gode relasjoner til noen, så gir man dem samtidig makt til å såre (som i mange sammenhenger kalles og oppleves som mobbing). Hvis noen i Frp skulle si noe stygt om meg, så er det helt uproblematisk.

HVIS NOEN AV MINE tidligere partikolleger i SV brukte samme metode, så var det et problem. Men slike vansker kan løses ved rett og slett å melde seg ut, altså fjerne seg fra mobbesituasjonen. Når det gjelder verbal mobbing, kan en gå bort fra mobberne eller ta på hørselev. Vi lærer barn å fjerne seg fra farlige steder. Det bør være konklusjonen her også! Hvis man virkelig ønsker å gjøre noe med mobbing, så skal man lytte til alle forståelsepærene, og så velge det beste fra dem alle, helt gratis selvsagt!

JAN NORDSTRØM
KLEPPESTØ

Smi mens reaktoren er varm

Midt i den ufattelige tragedien som har rammet Japan, tilbyr Martin Hovland sitt globale varsel for konsekvensene av radioaktive utslipp fra atomkraftverk ute av kontroll (BT 15. mars). Hans skrekkevise virker forhasstet og særdeles dårlig fundert. Påstanden om at de «første dråpene med radioaktivt vann til Nordsjøen og Barentshavet vil enten komme via Polhavet eller via Golfstrømmen i løpet av ett år eller to» har ikke rot i virkeligheten. Her beskrives det strømningsveier som ikke eksisterer, og spredningshastigheter som langt overgår det virkelige havet.

STILLEHAVETS golfstrøm, Kuroshio, har ingen direkte forlengelse inn i Arktis; det er ingen stortiltet strøm fra nord til syd langs vestkysten av det amerikanske kontinent; og Hovlands tenkte utslipp bruker kortere tid på å krysse både Stillehavet og Atlanterhavet via Kapp Horn enn det virkelige utslipp bruker på å krysse Norskehavet. Det er nok av grunner til å bekymre seg over katastrofene i Japan, men Hovlands innlegg er ikke en av dem.

TOR ELDEVIK,
FØRSTEMANUENSIS,
GEOFYSISK INSTITUTT, UiB

Mykje av kunnskapen om den globale oppvarminga er så sikker at det ikkje er rom for tvisyn: Innhaldet av klimagassar aukar på grunn av klimaotsleppa våre.

Klimaformidling utan støy

KLIMA

Sigbjørn Grønås
professor emeritus
meteorologi, UiB



I EIN KRONIKK i BT 3. mars etterlyser Dag Sletten tvisyn i det naturvitskapelege klimaordskiftet. Dette er gangbar mynt, for forskning er å granska teoriar på nytt (research). Nye målingar og ny innsikt kan gje nye svar, og noko av det gamle må leggjast vekk. I botn ligg som regel velprøvd kunnskap som står fast. I klimakunnskapen er dette ofte sanningar frå klassisk fysikk, til dømes teori om stråling i atmosfæren, velprova ved laboratorieeksperiment.

Generelt kan me ikkje gjera laboratorieeksperiment med klimasystemet, berre måla endringar etter som tida går og rekonstruera historiske endringar. Så kan me prøva å forklara endringane ved klassisk fysikk. Oppgåva er krevjande og resultatata kan vera usikre. Me kan ha nytte av eksperiment i klimamodellar som simulerer klimasystemet, men dette er ikkje det same som eksperiment i laboratorium.

MYKJE AV KUNNSKAPEN om den globale oppvarminga er likevel så sikker at det ikkje er rom for tvisyn: at innhaldet av klimagassar som karbondioksid aukar i atmosfæren på grunn av klimaotsleppa våre og at dette gjev ein aukande drivhuseffekt som gjev global oppvarming. Me veit med stor grannsemnd kor store klimapådriv klimaotsleppa gjev, og me veit at dei er større enn andre pådriv. Det meir usikre er knytt til følgjande: estimering av andre klimapådriv, spesielt dei frå aerosolar frå luftforureining; spørsmålet om kor sensitivt klimasystemet er for klimapådriv, det vil mellom anna seia kor store utslag endringar vil få; regional og lokal fordeling av endringane; smelting av innlandsis og kor stor heving dette vil gje i



GLOBAL OPPVARMING: Det er heilt naudsynt at politikarar, økonomar, journalistar og folk flest set seg inn i naturvitskapeleg kunnskap om den globale oppvarminga.

ARKIVFOTO: JAN M. LILLEGØ

havnivået; kva slags følgjer oppvarminga vil få for livet på jorda, til dømes kor mange klimaaflykingar me vil få. I slike spørsmål kan ein kosta på seg eit tvisyn.

DET ER HEILT NAUDSYNT at politikarar, økonomar, journalistar og folk flest set seg inn i naturvitskapeleg kunnskap om den globale oppvarminga. Det gjeld at svært mange får eit realistisk bilete av kva klimaotsleppa vil påføra livet på jorda. Alle kan ikkje vera forskarar, dei aller fleste må støtta seg til oppsummeringar forskarane kjem fram til, først og fremst dei frå FN's klimapanel og nasjonale vitskapsakademier. Til no er slike institusjonar overraskande same om menneskeskapt global oppvarming.

FOLK FLEST FINN IMPULSAR til meiningar om klima gjennom ordskifte i media. I Noreg er denne dessverre ofte prega av dei me kan kalla støysendarar. Dei er slike som ikkje sjølv er klimaforskarar, men som plukkar opp informasjon om klima frå nettsider til institusjonar som berre har eit mål: å så tvil om klimakunnskapen. Sterke krefter, for det meste i USA, satsar alt for å forvirra. Sjølv den sikraste klimakunnskapen vert ignorert, om han tyder på menneskeskapt oppvarming. Sletten og mange med han ser dessverre ikkje skilnad på støysendarar og klimaforskarar. Dei kan neppe klandrast for det.

ORDSKIFTE I AVISENE går mykje mellom støysendarar og klimaforskarar; støy vert til dømes ført fram i avisinnlegg og forskarar prøver så å sløkkja brannen. Den mest forunderlege forma for ordskifte kan ein finna på TV i NRK: diskusjon utan klimaforskarar mellom støysendarane og politikarar. Då får desinformasjonen breia seg som han vil. Sletten har eit godt forslag om balanserte samtalar på TV mellom berre klimaforskarar, for å gje lekfolk bakgrunn for å tenkja sjølv. Slik folkeopplysing trengst sårt for å overtyda oss alle til arbeid for å stabilisera klimaendringane.

Forskning er å granska teoriar på nytt

Libya treng støtte

LIBYA

Oddvar Skre
Fana



DEN SISTE TIDA har det hendt mykje positivt i arabarverda. Dei gamle korrupte regima i Egypt og Tunisia har måtta gi tapt for eit folkeleg opprør for å få reelt demokrati, og tilsvarande regime i Jemen og Algerie er hardt pressa. I alle desse landa har det skjedd ei utvikling mot meir demokrati utan store tap av menneskeliv. Annleis er det i Libya, der Gaddafi-diktaturet er i ferd med å slå ned opprøret med militærmakt og drukna

det i blod. Opprørarane har høg moral, men er totalt underlegne militært, og utsett for konstant bombing frå fly, tanks og artilleri, som dei vestlege landa tidlegare har utstyrt diktatoren med i byte for libysk olje.

DET EINASTE som kan hindra eit blodbad som vil stilla Srebrenica-massakren i Bosnia i 1994 i skuggen, er eit såkalla flyforbod over Libya, det vil seia at fly frå dei landa som har uttalt seg mot Gaddafi (USA, Storbritannia og Frankrike) følgjer opp lovnadene sine ved å bomba libyske militærflyplassar og setja flyvåpenet deira ut av spel. Det må i så fall skjje raskt.

Det er underleg at representantar for ulike vestlege land, inkludert vår eigen utanriksminister, har så mange motforestillinger mot å gripa inn mot Gaddafi. I Irak i 2003 skjedde det ein massiv amerikansk og britisk invasjon for å bli kvitt ein liknande diktator, endå det var ingen i Irak som ønskte dei velkomen, slik som no i Libya, tvert imot. I Kosovo-konflikten i 1999 sette USA og NATO i gang ei massiv bombing av strategiske mål i Serbia for å få serbarane til å trekkja seg ut av Kosovo. Kvifor vegrar dei seg no, kan ein spørja. Kanskje dei eigentleg ønskjer seg Gaddafi ved makta, for å sikra den såkalla stabiliteten i Middelhavsområdet og

oljeleveransane sine. Meir forståeleg er det at land som Russland, Kina og Tyrkia støttar Gaddafi, fordi dei sjølv undertrykker store deler av sitt eige folk.

I AFTENPOSTEN for få dagar sidan blei åtte unge libyarar i Benghazi intervjuet om situasjonen. Det gjekk fram av intervjuet at dei alle såg fram til ei betre framtid når Gaddafi var blitt fjerna, og at dei ikkje såg for seg ei framtid i Libya dersom han blei sitjande ved makta. Det vil vera eit svik mot desse og alle andre libyarar dersom dei vestlege landa, som har rusta opp diktatoren, skulle sitja roleg og sjå på at han druknar sitt eige folk i blod.